

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Bergen HF  
**DATO:** 11.06.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Kristin Pundsnes  
**SAKA GJELD:** **Budsjett 2019 - prosess**

**STYRESAK:** 72/18 0

**STYREMØTE:** 20.06.2018

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Bergen HF tek gjennomgang av budsjett 2019 til orientering.

Vedlegg:

1. Styresak 073/18 Helse Vest RHF

## **Innleiing**

Endeleg premiss og føresetnader for budsjett 2019 er ikkje kjent før statsbudsjettet blir lagt fram 8.oktober. Helse Vest handsamar førebelse premissar i styremøte 20.06.2018, og desse skal leggjast til grunn i budsjettarbeidet fram til nye premissar er klare. Føresetnader om aktivitet, økonomi og finansielle forhold blir justert i samband med endeleg inntektsfordeling i regionen. Helse Vest RHF drøftar førebelse budsjetttrammer for helseføretaka i styremøte 20.06.2018. Saksunderlaget for styresak 073/18 i styret for Helse Vest RHF er lagt ved.

Dette notatet skisserer Helse Bergen sine budsjettutfordringar for 2019, samt vidare prosess for budsjett 2019.

## **Utfordringsbilete for Helse Bergen**

### **Inntektsfordeling og resultatkrav**

Resultatkravet for Helse Vest er eit resultat i null, men for å handtere framtidig investeringsbehov er det trong for å skape overskot i drifta. Helse Vest hadde eit samla positivt resultat på kr. 577 mill. i 2017 og kr. 724 mill i 2016. Prognose for 2018 er kr. 401 mill, om lag kr. 20 mill lågare enn budsjettert. Helse Vest RHF har i 2018 eit resultatkrav på kr. 150 mill og reserve på kr. 102 mill. etter revidert nasjonalbudsjett. I 2019 er det føreslege å vidareføre resultatkrav på kr. 150 mill for RHF, samt re-etablere reserve til kr. 200 mill.

Helse Bergen styrer i 2018 i forhold til eit budsjettert resultatkrav på kr. 110 mill. Med bakgrunn i forseinking i dei strukturelle tiltaka sett i verk årsskifte 2017/2018, er det meldt ei prognose på kr. 90 mill for 2018. Det vil krevje stram styring for å nå dette resultatet. Eit resultat lågare enn budsjettert vil også redusere tilgjengeleg investeringsramme neste år.

I langtidsbudsjettet 2019-2023 er det lagt til grunn eit resultatkrav på kr. 160 mill for 2019. Dette vil stramme driftsbudsjettet med kr. 50 mill samanlikna med budsjett 2018.

Gjeldande inntektsmodell vart revidert våren 2017. For Helse Bergen innebar det reduksjon i ramme knytt til bruk av private rehabiliteringsinstitusjonar på om lag kr. 29 mill., med innfasing over 2 år, 2018-2019. For 2019 vil dette gje ein reduksjon i basisramme på om lag kr. 15 mill

### **Utfordringsbilete**

For Helse Bergen HF vil ramma for driftsbudsjettet i 2019 vere strammare enn ramma for 2018.

Avskrivingskostnad er estimert til å auke med kr. 7 mill frå 2018 til 2019, og saman med auke i resultatkravet på kr. 50 mill, vil det gje ei innstramming på kr. 57 mill samanlikna med budsjett 2018.

Helse Vest IKT har i sitt langtidsbudsjett lagt inn auke i kostnad for Helse Bergen på om lag kr. 30 mill frå 2018 til 2019. Det vil bli arbeidd saman med Helse Vest IKT for å avgrense kostnadsauken, men det vil likevel gje innstramming i øvrig driftsbudsjett for 2019.

I den grad nye satsingsområde og prioriterte oppgaver skal få plass i budsjettet for 2019, må dette løysast gjennom interne omprioriteringar. I utarbeidd langtidsbudsjett 2019-2023 synast det klart at nokre kostnadsgruppe vil auke utover årleg prisvekst. I tillegg vil det vere område som må styrkast med bakgrunn i kapasitet og flaskehalsar. Med det som utgangspunkt vil ein i budsjettarbeidet for 2019 måtte gjere tilpassingar på andre område.

Driftsrapport hittil i år viser eit resultat noko lågare enn budsjettet for sjukehuset som heilskap. Det er variasjonar i budsjettavvik mellom dei ulike einingane, og i møte med budsjett 2019 er det særleg viktig at einingar med negative budsjettavvik i 2018 set i verk og lukkast med tiltak tidleg for å nå budsjettbalanse. Det er også viktig at einingar med positive budsjettavvik sørgjer for at desse avvika held fram.

## Innretting

Helse Bergen har framleis mange utviklingsprosjekt innanfor bygg, organisasjonsutvikling og IKT. Dette er viktige satsingar for å utvikle gode og effektive helsetenester for framtida. I arbeidet med budsjett for 2019 vil ein halde fram fokus på korleis vellukka gjennomføring av prosjekta kan sikre kvalitativ nytte og gevinstar for Helse Bergen. Det er naudsynt å hente gevinstar gjennom god planlegging og gjennomføring av omstillingsprosjekt om føretaket skal få plass til nye satsingsområde og prioriterte oppgaver. Nye system og verktøy kan krevje endring i arbeidsprosessar og arbeidsflyt. Det vil også vere fokus på betre planlegging og logistikk.

Gjennomgang av rutinar for koding av aktivitet og prosedyrar gir indikasjon på at det på nokre område kan vere potensiale for betre og meir rett koding, med tilhøyrande inntekt. Det vil vere sterkt fokus på å kode rett alt som blir gjort framover mot 2019, i tillegg til rett koding av medikament.

Sjukehuset har eit aukande medikamentbudsjett, og i 2018 er det i overkant av kr. 700 mill. På dette området blir det jobba med retningslinjer, tilpassing og vurdering av rett medikamentbruk. Det blir i tillegg innført medikamentansvarleg lege på kvar eining. Det skal vere fokus på lojalitet mot inngåtte avtaler og at vedtekne retningslinjer følgjast opp. Dette gir grunn til å tru at det er ei mogleg innsparing på dette område. Betre innkjøpsavtalar på implantat og andre forbruksvarer skal også gje eit potensiale for innsparing/styring av vekst.

## Vidare framdrift

### **Intern fordeling av budsjetttrammer for 2019**

Føretaket er beden om å nytte rammebudsjettering som metode for budsjetteringa for 2019. Det inneber at alle einingar får tildelt budsjetttramme ein skal budsjettere innanfor. Administrerande direktør tildeler budsjetttrammer medio/ultimo juni.

Vurderingar som blir gjort med omsyn til fordeling av budsjetttrammer er basert på sjukehuset sin strategi og prioriterte område. det blir teke omsyn til ventelister, fristbrot og flaskehalsar samt heilårsverknad av tiltak sett i verk i 2018. Det blir i tillegg gjort vurdering av særlege utfordringar framover. Venta effekt av utviklingsprosjekt og nye tiltak vil bli teke omsyn til.

## **Budsjettprosess i den einkilde eininga**

Alle einingar blir tildelt budsjetttramme basert på dei forhold som er nemnt i punktet ovanfor. Budsjettet skal brytast ned på lågaste nivå. I dette arbeidet er det særleg viktig med involvering og forankring hos leiarar på alle nivå. Einingane blir bedne om å utarbeide ein tidsplan for eige budsjettarbeid, planen skal vise involvering av leiarar på alle nivå, samt involvering av tillitsvalde og verneombod.

Einingane skal utarbeide aktivitetsplanar med tilhøyrande driftsbudsjett. Aktivitetsplanane er sett saman av tal opphald fordelt på omsorgsnivå, DRG-indeks som seier noko om ressursinnsatsen knytt til pasientane, samt tilhøyrande DRG-poeng. Sjukehuset sine aktivitetsplanar er sum av einingane sine aktivitetsplanar og sjukehuset si ISF-inntekt er sum ISF-inntekt generert av opphald i dei ulike einingane. Tentativ aktivitetsplan for de ulike einingane skal ligge føre ultimo august, for gjennomgang og kvalitetsvurdering av Forskings- og utviklingsavdelinga/Økonomiavdelinga.

Det vil bli halde budsjettmøter mellom føretaksleiinga/Økonomiavdelinga og kvar eining. Det er her venta at leiargruppa i einingane møter, saman med verneombod og tillitsvalde. Tema for desse møta vil vere korleis ressursane blir prioriterte, vurderingar med omsyn til måloppnåing, vurdering i høve til samhandling på tvers av einingar, samhandling med eksterne samt risikovurdering.

Arbeidsmiljøet skal bli tatt omsyn til i budsjettarbeidet. Konsekvensar for arbeidsmiljøet skal kartleggast og det skal planleggast og setjast i verk tiltak for å motverke evt. negative konsekvensar. Dette gjeld også konsekvensar for ytre miljø.

Verneombod og tillitsvalde skal bli inkludert i budsjettarbeidet på eit tidleg tidspunkt. Einingane skal leggje tidsplanar for dialogane med verneombod, AMU og tillitsvalde. Det skal gjennomførast drøftingsmøte med tillitsvalde (og skrivast protokoll) og haldast AMU-møte (med referat). Desse skal leggast ved budsjettdokumentet frå eininga.

## **Førebels framdriftsplan**

Styret vil bli oppdatert på framdrift i budsjettarbeidet i styremøta i haust. Endeleg handsaming av budsjettet vil bli i styremøtet i desember.